



# Møteprotokoll Soknerådsmøte

Desse møtte: Turid Engen, Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide,  
Wenche Iren Roppen, Lars Sellereite, Kjersti Røyset Topphol,  
Hege Tretnes, André Gjerde (2. vara)  
Jan Erik Hovland (kyrkjeverje).

Tysdag 13. jun. 2017  
kl. 20:00-20:30  
kyrkjekontoret

Fråfall: Elisabeth Myrene, Lidvar Arne Grimstad (1. vara), Dagfinn Snipsøyr (3. vara), Leidulv Ø.  
Grimstad (sokneprest), Margit Lovise Holte (vara sokneprest)

---

## Saksliste

- SR 14/17 Godkjenning av innkalling og saksliste
- SR 15/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
- SR 16/17 Medarbeidarfest
- SR 99/17 Eventuelt

### SR 14/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 12. juni.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner innkalling og saksliste.*

### SR 15/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 5. april.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner møteprotokollen.*

### SR 16/17 Medarbeidarfest

#### Saksutgreiing

Det har vore tradisjon frå tid til anna å arrangere Medarbeidarfest/ei samling for dei frivillige til inspirasjon og oppmuntring. Det kan no vere tid for det.

September månad, i tid føre haustferien, er eit forslag.

Staben har hatt det oppe på stabsmøte, og kyrkjeverja og kontor Ida Teige har meldt seg som medlemmar av arrangementskomiteen. Kven fleire meldar seg?

Kva kan soknerådet bidra med?

*Vedtak: Wenche I. Roppen og Turid Engen er med som medlemmar.*

### SR 99/17 Eventuelt

Hareid, 07.09.2017

Jan Erik Hovland  
referent  
kyrkjeverje